MØTEBOK

ARKIV



| | | |
|---|---|---|
| LINDÅS BYGNINGSRÅD<br>5100 ISDALSTØ | Møtestad<br>Rådhuset | Møte dato<br>28.6.82 |
| Sakshandsamar<br>Haukås | Matr.nr.<br>gnr. 176 bnr. 3<br>Spurkeland | SAK NR. 277/82 |

Byggherre/meldar: Olav Skaar — Adr. Åmundsleitet 5, 5095 Ulset

Saka gjeld: Våningshus m/garasje - Nybygg

Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, dat. 4.5.82
kvittering og kopi for sendt nabovarsel
situasjonskart 1:5000
situasjonsplan 1:1000
teikningar 1:100 sist dat. 3.5.82
søknad om utvida bruk av avkj. frå fylkesveg
søknad om ansvarsrett, dat. 4.5.82

TILRÅDING:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå fylkesveg skal vera godkjend av Hordaland vegkontor. (§ 66.1)

2. I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med atterhald om at helserådsordføraren ikkje har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helserådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva.

   Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggjast fram for helserådet til godkjenning.

3. Det skal vera tilfredsstillande tilkomst til hygienisk betryggjande og tilstrekkeleg drikkevatn. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova)

4. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (F 14:21)

5. Fylkeslandbruksstyret skal godkjenna plasseringa av bygningen.

6. Armeringsteikningar med berekningar for dekke over garasjen skal sendast inn til bygningssjefen. (F 14:11)

../..

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD

Utskrift sendt til Olav Skaar
A/S Florvaag Bruk
Helserådsordf.
Hordaland vegkontor

| LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ | Møtestad: Rådhuset | Møte dato: 28.6.82 |
|---|---|---|
| Sakshandsamar: Haukås | Matr.nr.: gnr. 176 bnr. 3 Spurkeland | SAK NR. 277/82 |
| Byggherre/meldar: Olav Skaar | Adr.: Åmundsleitet 5 5095 Ulset | |
| Saka gjeld: Våningshus m/garasje - Nybygg | | |

Vedlegg:

Forts.

7. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for privat kloakkanlegg (godkj. røyrleggjar). (§ 98)

8. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygnignslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.

Bygningsrådet godkjenner ark. Nils Fiskeseth som ansvarshavande for heile byggjearbeidet. (§ 98)

Opparbeidd avkøyrsle skal vera godkjend av vegstyresmaktene før mellombels bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.

For utforming av tilkomst til skorsteinstopp må feiar kontaktast på førehand. Kommunen fråseier seg alt ansvar for evt. sotskader dersom feieluka vert plassert inne i husværet.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD

Kirsten Storheim

Utskrift sendt til Olav Skaar
A/S Florvaag Bruk
Helserådsordf.
Hordaland vegkontor




ARKIV
08.05.82
176-3

HANDSAMA DEN
28 JULI 1982
LINDÅS BYGNINGSRÅD

BYGGHERRE :
OLAV SKAAR
BYGGEPLASS :
SPURKELAND,
5103 SEIM
g.nr. 176 & b.nr. 3
LINDÅS KOMMUNE

MÅLESTOKK – 1:1000 (se også kart 1:5000)